


Gol kommune

Gamlevn.4
3550 Gol

Kultur- og kirkedepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Arkivkode
C60

Vår ref.
07/552 - 5 - HABR

Dykkar ref.

Dato
26.03.2007

BIBLIOTEKREFORM 2014 - HØYRING

Gol kommune har handsama Bibliotekreform 2014 i Utval for kultur og levekår 14.mars 2007. Her er konklusjonen i saka, i tråd med disposisjon i høringsbrev:

1. Generelle kommentarar

Utgreiinga Bibliotekreform 2014 er eit omfattande og grundig arbeid på mange område som er viktig for å skape utvikling i biblioteksektoren. Folkebiblioteka spelar ei nøkkelrolle på mange plan, både i lokalsamfunnet og i den generelle samfunnsutviklinga, samstundes som ressursane ikkje alltid er på nivå med oppgåvene som skal løysast. Det er difor viktig å få fram ei offentlig satsing på dette feltet som gjer sektoren i stand til å løyse desse oppgåvene. Som ei konsekvens av dette bør utgreiinga vidareførast i ei stortingsmelding, slik at det vidare arbeidet blir godt forankra politisk.

Gol kommune har gjennom mange år hatt eit nært samarbeid med andre kommunar i Hallingdal, og biblioteka har heile tida vore blant dei fremste i dette arbeidet. Slik sett er ein del av tiltaka i konsolideringssamanheng allereie i drift og vi er spørjande til effekten av ei samanslåing sett opp mot eit formalisert samarbeid. Dette kjem vi tilbake til.

Gjennom det interkommunale samarbeidet har mangelen på nasjonale teknologiske fellesløysingar blitt tydeleggjort. Ein grunnleggjande føresetnad for å få til vidareutvikling av biblioteksektoren vil vere ei omfattande satsing på gode nasjonale løysingar gjennom Norsk digitalt bibliotek/Norgesbiblioteket. Det vil vere grunnmuren i realiseringa av dei andre tiltaka og ein føresetnad for utvikling og effektivisering.

Sjølv om dagens lovverk i stor grad fungerer for folkebiblioteka, så ser vi det som naturleg at ein får felles lovverk for heile biblioteksektoren. Gol bibliotek er til dømes eit kombinasjonsbibliotek med folkebibliotek og skulebibliotek for vidaregåande skule og ungdomsskule i same lokale og med felles personale.

Dersom ein endrar biblioteklova, så er det viktig å sikre intensjonane i lova i tillegg til biblioteknettverket. Dette gjeld m.a. gratisprinsippet og krav om aktualitet og mangfald. Lova må sikre tilstrekkeleg fagutdanna personale i alle typer bibliotek. Dagens lov har

gjennom lovpålagd kompetansekrav til biblioteksjef sørga for ei utvikling frå ca 1/3 til 2/3 dekning i kommunane, men dispensasjonsretten er for vid til at lova har fungert optimalt som verkemiddel.

Det er og nødvendig med bibliotekfagleg kompetanse i fleire av virkeområda til biblioteket for å få til ei ønskjeleg utvikling og styrking av tenestene, slik utgreiinga legg opp til. Dette gjeld m.a. tenester til barn og unge og koordinering av skulebiblioteka i den enkelte kommune.

Sjølv med ei slik omfattande utgreiing saknar vi enkelte aspekt:

- Kombinasjonsbibliotek er knapt nemnt, sjølv om det utgjer ei aukande bibliotektype og representerer ca 30% av alle bibliotekavdelinger knytt til folkebibliotek i dag. Dette er ei krevande driftsform, som stiller eigne krav til både lokale, personalkompetanse og ressursfordeling. Dette må med i det vidare arbeidet rundt ulike tiltak, lovgiving og kompetansebehov.
- Det er i liten grad definert samanhengar mellom biblioteka sitt samfunnsoppdrag, sentrale politiske satsingsomåder (eNorge, Mangfoldsåret, Kunnskapsløftet m.fl.) og ressursituasjonen i biblioteka. For å kunne gå dit ein vil, må ein og sjå kvar ein står, og dette gapet i mellom er ikkje tilstrekkeleg dokumentert.

2. Kommenterar til dei enkelte framlegga:

Målområde 1: Nasjonale digitale tenester

1.1 Digitalt innhald/nettbaserte tenester

- ABM-portal - Unødig pengebruk, Kulturnett er ein ”daud” portal, ikkje lag ein til. Bruk heller ressursar på at biblioteka kan tilretteleggje ressursane nærast mogeleg brukar.
- Norsk digital bibliotek – Eit overmodent og nødvendig nasjonalt tiltak.
- Felles lisensar – Ja, her må staten ta eit ansvar for fellesskapet.

1.2 Digitalisering – Viktig

1.3 Utvikle nye digitale tenester – Dette er viktig men krev god teknologisk infrastruktur og brei kompetanse i institusjonane/kommunane, ikkje berre på biblioteket.

1.4 Biblioteket som læringsarena

- Samarbeid mellom departementa er avgjerande for å få til utvikling. Her burde også andre departement vore nemnt, m.a. Justis (fengselsbibliotek), Helse- og omsorgsdep. (sjukehus, institusjonar), Arbeids- og inkluderingsdep. (tenester til fleirspråklege og arbeidsledige, informasjonsverksemd m.m.)
- Verktøy og metodar – Nødvendig i alle typer bibliotek. Både utdanningsbibliotek, kombinasjonsbibliotek og folkebibliotek driv læringsarbeid og treng verktøy og metodar for opplæring i informasjonskompetanse.

1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidling:

- Program for litteraturformidling – Dette er eit tilbod ein har sakna.
- Produksjonsstøtte og litteraturformidling i Den kulturelle skulesekken – Har vore etterlyst sidan starten på DKS. Mangelen på nasjonal satsing gjennom DKS har ført til ei nedprioritering av litteraturformidling mange stader. Lesestimuleringsiltak styrker språkutvikling og leselyst.

- ABM som lokalhistoriske sentra – Ei handlingsplan må gjerne utarbeidast, men ei slik satsing set og krav til eigna lokaler og kompetanseutvikling m.m.
- Styrke innkjøpsordningane – Innkjøpsordningane sikrar utbreiing av kunst/kultur og ei kjærkomen inntekt til kunstnarane, men for biblioteka er ordninga tveegga. Vi mottek mediene for seint til at dei er aktuelle, og dei mest aktuelle mediene må vi ofte bruke av eigen midlar til å kjøpe inn medan vi seinare blir sittande med for mange eksemplar. Vi veit heller ikkje kva som blir kjøpt inn, dette gjer det umogeleg å planlegge. Kwart bibliotek søker å tilpasse samlingane til behova i sine brukargrupper, ei slik vurdering er ikkje mogeleg med mediene i innkjøpsordninga i dag. Biblioteka har svært begrensa ressursar til innkjøp, og innkjøpsordninga resulterer i at vi kastar bort tid og pengar. Eksisterande, utvida og evt nye ordningar MÅ bli betre organisert og tilrettelagt for biblioteka, slik at dei blir forutsigbare, oversiktlege og fleksible.

1.6 Styrke inkludering, integrering og mangfald: Dette arbeidet er viktig og bør strukturerast, målgruppa er ei stor brukargruppe i biblioteka allereie.

1.7 Bibliotektenester i fengsel: Ei viktig satsing for samfunnet og for kommunane ved ferdig soning.

Målområde 2: Norgesbiblioteket

2.1 Styrke og utvikle einingane i Norgesbiblioteket

- Utgreiinga har tydeleg brukt museumsreforma som modell for si løysing, men denne er ikkje direkte overførbar fordi eigarskap og økonomiske midlar til folkebibliotek er knytt til kommunen og ikkje staten. Utgreiinga seier ingenting om korleis eigarskapet i ein konsolidert modell skal eller kan løysast. Museumsreforma er heller ikke evaluert enno.
- Konsolidering kan vere riktig for enkelte kommunar, men da må fokuset vere at dette er for å styrke bibliotektenestene til brukarane. Det er og ein føresetnad at ei slik løysning styrker det enkelte biblioteket som møteplass og kulturelt/pedagogisk knutepunkt i lokalsamfunnet og ikkje fører til nedlegging
- Det fins mange ulike modellar for interkommunalt samarbeid i dagens biblioteknorge, jfr Hallingdalsamarbeidet. Desse modellane er ikkje tydeleggjort i utgreiinga, men bør danne grunnlag for eit styrka og formalisert interkommunalt samarbeid som for ein del kommunar kan vere eit reelt alternativ til konsolidering.
- Utgreiinga nemner eit måltal på 6-8 tilsette pr bibliotek m.o.t. aktualisering av konsolidering. Dette må det vere opp til kvar kommune å ta stilling til.
- Det fins mange kombinasjonsbibliotek i landet, men eit systematisk og organisert samarbeid mellom skule og kultur/folkebibliotek manglar i mange kommunar. Ei koordinering av all bibliotekverksemd i kvar kommune som sikrar bibliotekfagleg forankring vil vere god ressursutnytting og en ”konsolidering” innad i kommunen som kjem brukarane til gode.
- Program for skulebibliotekutvikling er eit overmodent tiltak som snarast bør iverksetjast.

2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket

- Investeringsprogram for biblioteklokaler – I Gol kommune treng ein meir plass og vil ha stor nytte av eit slikt investeringsprogram. Programmet bør ikkje innskrenkast til konsoliderte bibliotek eller abm-løysingar, men og opne for andre formar for sambruk som kombinasjonsbibliotek, bibliotek/kunstgalleri m.m.
- Trådløst høgastighetsnett - Er ein føresetnad for digital utvikling i biblioteka.

2.3 Brukarorientert og samarbeidande norgesbibliotek

- Transportordning – Kvifor kan ikkje Staten som eigar av Posten tilretteleggje for ei slik nasjonal ordning? No ser det ut til å utvikle seg til eit lappverk av ulike ordningar i ulike fylke og regionar, dette er både dyrt og lite effektivt.
- Endre lovgiving – Sjå svar i den generelle delen over.
- Krav til skulebibliotek i opplæringslova – Det må vere ein samanheng mellom dei ulike lovene på bibliotekområdet når det gjeld opplæring, uansett ”morinstitusjon” for biblioteket. Lovene må ta høgde for samarbeidsløysingar på tvers og sette krav til kvalitet og kompetanse.

2.4 Reiskap og metodar til evaluering og kvalitetsheving

- Dette er eit viktig punkt, sidan det i dag manglar pålitelege styringsdata for bibliotek (bibliotekstatistikk og KOSTRA produserer ikkje valide tal).
- Eit anna reiskap for kvalitetsheving som manglar i dag er ein ”databank” for bibliotekfagleg dokumentasjon som sikrar at gode løysingar kan gjenbrukast.

Målområde 3: Kompetanse og forskning

3.1 Fornye kompetanse - Forslaga om kompetanseutvikling for å styrke og fornye biblioteksektoren er sentrale for å oppnå eit ”bibliotekløft”. Sett i relasjon til Kunnskapsløftet, så er det nødvendig med ei større økonomisk satsing på kompetanseutvikling enn det utgreiinga legg opp til. Satsinga må ikkje berre gjelde konsoliderte bibliotek, det vil ikkje gje den utviklinga og det løftet som utgreiinga etterlyser. Det må leggjast til rette for eit systematisk og tilgjengeleg opplegg for etter- og videreutdanning av bibliotekarar, slik at fleire kan ta del i og få eit varig kompetanseløft.

3.2 Fagleg utvikling og kunnskapsdeling - Tiltak om hospitering og nettverksgrupper føreset at det er mogeleg å avsette tid til dette i personalet. Dagens bibliotek er svært knapt bemanna og det er ofte problematisk å finne rom for nødvendig opplæring og kurs allereie. Difor er ei styrking av personalressursen ein føresetnad for at desse tiltaka skal bli vellykka.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med Bibliotekreform 2014.
Ver venleg å oppgi vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing



Hanne Brunborg
Biblioteksjef

Kopi til:
Gol bibliotek
Kultur- og informasjonsavdeling